



Kjære fyrstegongsveljar i Ullensvang.

Sommaren har vore spesiell for all norsk ungdom, og særleg dei som er oppteken av politikk. Me har vorte minna sterkt på kor viktig demokratiet er, kor viktig det er å delta i utviklinga av vår felles framtid.

Ved valet 12. september, med 22. juli som bakteppe, er det rekna med rekorddeltaking av fyrstegongsveljarar. Du bør vera ein av dei som syter for at det skjer.

Senterpartiet ser på ungdomen i bygdene våre som den største ressursen me har. Derfor ynskjer me sterkt at du brukar stemmeretten. Ungdomsstemmene kan utgjera ein forskjell når framtida skal formast.

Med di stemme til Senterpartiet er du med på å sikra desse sakene som betyr mykje for framtida til ungdom i Ullensvang:

- satsing på næringsutvikling og jobbskaping
- satsing på bustadbygging og utleigebustadar slik at du lett finn ein stad å bu
- satsing på landbruk, slik at bygda di kan vera like fin i framtida som no
- satsing på Ullensvang ungdomsråd
- satsing på møtestadar og mangfaldig aktivitetstilbod for ungdom
- meir økonomisk støtte til idrettslaga
- bygging av idrettshall på Hauso og i Kinsarvik
- satsing på betre vegar å køyra på

**Bruk røysteretten din den 12. september – røyst på Senterpartiet.**

Om du vil arbeida meir for satsingsområda som er lista opp i brevet kan du melda deg inn i senterungdomen på [www.senterungdommen.no](http://www.senterungdommen.no), eller via sms, kode SUL til 2090.

**Ullensvang Senterparti ynskjer deg eit godt val!**

